



DET KONGELEGE  
UTANRIKSDEPARTEMENT

# Prop. 27 S

(2018–2019)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

## Endringar i statsbudsjettet 2018 under Utanriksdepartementet

*Tilråding frå Utanriksdepartementet 23. november 2018,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Solberg)*

### 1 Samandrag

Under programområde 02 Utanriksforvaltning blir det gjort framlegg om å redusere løyvingane med 517 mill. kroner. Av dette gjeld 62 mill. kroner lågare kontingentutgifter til internasjonale organisasjonar (kap. 116) og 455 mill. kroner gjeld mindretgifter under EØS-finansieringsordningane (kap. 117).

Under programområde 03 Internasjonal utviklingshjelp blir det gjort framlegg om å auke enkelte postar med til saman 232,2 mill. kroner og redusere andre postar tilsvarande. Nye overslag viser at ODA-godkjende flyktningutgifter i Noreg blir 200,2 mill. kroner lågare enn budsjettet for 2018. Mindretgiftene blir i denne proposisjonen foreslått omdisponerte til m.a. næringslivstiltak, humanitær hjelp, hjelp til sårbare statar og regionar, og tiltak for fred, helse og klima.

I tillegg blir det gjort framlegg om at Noreg deltek i ei reallokering av aksjar i Den afrikanske utviklingsbanken.

### 2 Programområde 02 Utanriksforvaltning

#### Kap. 116 Deltaking i internasjonale organisasjonar

##### *Post 70 Tilskot til internasjonale organisasjonar*

Løyvinga på posten dekkjer kontingentutgifter for norsk medlemskap i internasjonale organisasjonar. Kontingentane blir utbetalte i ulike valutaer, men hovudsakeleg euro og dollar.

Det er løyvd 1 349,5 mill. kroner for 2018. Nye overslag viser at utgiftene på posten blir 62 mill. kroner lågare enn budsjettet:

- FNs regulære budsjett (-19,2 mill. kroner)
- FNs fredsbevarande operasjonar (-12,7 mill. kroner)
- FNs særorganisasjonar: FAO, WHO og ILO (-2,8 mill. kroner)
- Nordisk ministerråd (- 9,4 mill. kroner)
- Europarådet (-5,8 mill. kroner)
- NATOs nye hovudkvarter (-4,9 mill. kroner)
- NATOs sivile budsjett (-4,7 mill. kroner)

I tillegg er det mindre endringar under andre organisasjonar.

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga på posten med 62 mill. kroner. Den delen av kontingentane som er klassifisert som utviklingshjelp

(ODA) etter OECD sine retningslinjer blir løyvd under kap. 170, post 78, jf. omtale nedanfor.

### Kap. 117 EØS-finansieringsordningane

*Post 77 EØS-finansieringsordninga 2014–2021, kan overførast*

*Post 78 Den norske finansieringsordninga 2014–2021, kan overførast*

Løyvinga for 2018 under post 77 *EØS-finansieringsordninga 2014–2021* er på 787,6 mill. kroner og under post 78 *Den norske finansieringsordninga 2014–2021* på 659,2 mill. kroner. Inkludert ubrukte løyvingar overførde frå 2017 utgjer disponibel løyving på post 77 i alt 853,7 mill. kroner og på post 78 i alt 726,2 mill. kroner.

Utanriksdepartementet har motteke nye overslag for 2018 frå Financial Mechanism Office (FMO) i Brussel som er sekretariat for EØS-midlane. Overslaga byggjer på innmelde behov frå mottakarlanda og desse viser eit mindreforbruk i 2018 for ordningar under post 77 *EØS-finansieringsordninga 2014–2021* på 245 mill. kroner og post 78 *Den norske finansieringsordninga 2014–2021* på 248 mill. kroner.

Utanriksdepartementet har per dags dato forhandla fram og underteikna rammeavtalar med 13 av 15 land. Kypros er ferdigforhandla, men ikkje underteikna. Ungarn er ikkje ferdigforhandla enno.

Mindreutgiftene i 2018 har samanheng med at framdrifta i rammeavtaleforhandlingane med mottakarlanda går seinare enn forventa. Dette gjeld spesielt forhandlingane med Ungarn, der det var rekna med at utbetalingane i 2018 ville bli om lag 10 mill. euro. Per i dag ser det ikkje ut til at forhandlingane vil bli avslutta i 2018, og dermed vil det heller ikkje bli utbetalt midlar til Ungarn i år.

Det same gjeld for framdrifta i land der rammeavtalen er underteikna, men utvikling av program går seint, spesielt i Polen. I statsbudsjettet for 2018 er det budsjettet med om lag 38 mill. euro, men per i dag ser det ikkje ut til at det vil bli utbetalt midlar til dei store programma i Polen i år. Det er likevel forventa utbetalingar i underkant av 1 mill. euro til bilaterale prosjekt i år.

Forhandlingane både med Ungarn og Polen er krevjande, spesielt knytt til sivilsamfunnsprogramma. Polen er størst, medan Ungarn er tredje største mottakar av EØS-midlar. Utanriksdepartementet legg til grunn at avsluttande løyving for finansieringsordninga 2014–2021 vil vere i 2025. Utbetalingane under ordningane er normalt låge i

starten, men vil auke monaleg fram mot 2025 og sannsynlegvis nå ein topp i 2022.

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga på post 77 *EØS-finansieringsordninga 2014–2021* med 225 mill. kroner og post 78 *Den norske finansieringsordninga 2014–2021* med 230 mill. kroner.

## 3 Programområde 03 Internasjonal utviklingshjelp

### Kap. 161 Næringsutvikling

*Post 70 Næringsutvikling, kan overførast*

I 2017 underteikna Noreg eit opprop mot «moderne slaveri» organisert av Storbritannia i samband med FN's høgnivåveke. Oppfølginga av oppropet vil bli konkretisert gjennom ei tildeling til Global Fund to End Modern Slavery. Fondet blir alt støtta av Storbritannia og USA. Fondet støttar prosjekt som styrkjer sårbare grupper og betrar arbeidstakarane sine rettar, i tett samarbeid med næringslivet. Rundt 50 pst. av fondet er også støtte frå privat næringsliv.

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga på posten med 100 mill. kroner.

### Kap. 162, post 70 Overgangshjelp/sårbare statar og regionar

*Post 70 Overgangshjelp/sårbare statar og regionar, kan overførast*

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga på posten med 25 mill. kroner, fordelt som følgjer:

- *Sahel-regionen gjennom FN's fredsbbyggingsfond – 20 mill. kroner*

I tråd med gjeldande Sahel-strategi blir det foreslått 20 mill. kroner i auka støtte til regionen gjennom FN's fredsbbyggingsfond. Regionen er prega av store, grenseoverskridande utfordringar når det gjeld tryggleik, svake institusjonar, fattigdom og migrasjon. FN's fredsbbyggingsfond støttar programma i Sahel som tar sikte på å løyse strukturelle årsaker til krisene, m.a. gjennom innsats i dei ustabile grenseområda mellom Mali, Niger og Burkina Faso. Fondet har vist seg å vere eit effektivt instrument, som samarbeider godt med andre multilaterale aktørar som Verdsbanken, og har god evne til å handtere risiko.

- *International Organization for Migration (IOM) – 5 mill. kroner*

IOM er den einaste internasjonale organisasjonen som arbeider med migrasjonsspørsmål globalt. Organisasjonen har fått ei styrka rolle som følgje av FN-forhandlingane om ei global plattform for migrasjon som blei slutført i juli i år. Det er store behov for å styrkje hovudkvarteret sin kapasitet innafor strategi- og politikktutvikling, og forvaltning.

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga med 5 mill. kroner slik at kjernebidraget til IOM i 2018 blir totalt 15 mill. kroner.

### **Kap. 163 Naudhjelp, humanitær hjelp og menneskerettar**

*Post 70 Naudhjelp og humanitær hjelp, kan overførast*

Dei humanitære behova er aukande og finansieringsgapet er fortsatt stort. Auka løyvingar vil særleg gå til kriser som har stor grad av underfinansiering i Afrika. Ein FN-rapport om støtte til humanitære appellar syner (per 1. november 2018) at appellane for afrikanske land er lågare finansiert enn gjennomsnittet for alle appellar. I tillegg vil noko av tilleggsloyvinga gå til Venezuela, der den stadige forverra humanitære situasjonen har ført til at om lag 1,5 millionar menneske har flykta til nabolanda.

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga på posten med 34,1 mill. kroner.

### **Kap 164 Fred, forsoning og demokrati**

*Post 73 Andre ODA-godkjende OSSE-land, kan overførast*

*Post 74 Sikkerheitssektorreform (SSR) og fredsoperasjonar, kan overførast*

Det er eit mindrebehov knytt til politioperasjonar og tiltak innan sikkerheitssektorreform på post 74. Udisponerte løyvingar blir foreslått omdisponerte til tiltak i Armenia (5 mill. kroner) og i Moldova (7 mill. kroner) på post 73.

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga på post 73 Andre ODA-godkjende OSSE-land med 12 mill. kroner og redusere løyvinga på 74 Sikkerheitssektorreform (SSR) og fredsoperasjonar med 12 mill. kroner.

### **Kap. 166 Klima, miljø og fornybar energi**

*Post 72 Klima og miljø, kan overførast*

Rapporten frå FNs klimapanel som blei lagt fram 8. oktober i år, viser at global oppvarming gir monaleg auka risiko for alvorlege konsekvensar for økosystem, menneske og samfunn over heile verda. Små øystatar og dei fattigaste landa er særst utsette. Forebygging av klimarelaterte katastrofar er sentralt for å møte denne utfordringa.

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga på posten med 20 mill. kroner, fordelt som følgjer:

- *FNs organ for katastrofeforebygging (UNISDR)*
- *10 mill. kroner*

UNISDR er sentral i arbeidet med å forebygge klima-relaterte katastrofar. Noreg støttar organisasjonen, gjennom ein treårig avtale, men på grunn av stramt budsjett er bidraget i år berre på 4 mill. kroner. Det blir foreslått å auke bidraget med 10 mill. kroner som eit addendum til den eksisterande avtalen.

- *Verdsbankens globale fasilitet for katastrofeforebygging og gjenreising (GFDRR) - 10 mill.*

GFDRR støttar utviklingsland og -regionar for å integrere forebygging av katastrofar og klimarelatert risiko inn i nasjonale og lokale utviklings- og investeringsplanar. Løyvinga for 2018 er på 13 mill. kroner. Det blir foreslått å auke bidraget med 10 mill. kroner som vil inngå i årets addendum til den eksisterande avtalen.

### **Kap. 167 Flykntingiltak i Noreg, godkjende som utviklingshjelp (ODA)**

*Post 21 Spesielle driftsutgifter*

Flykntingiltak i Noreg som etter OECD sine retningslinjer kan klassifiserast som utviklingshjelp (ODA) blir dekkja over budsjettet for utviklingshjelp på denne posten. Dette er ordningar som administrativt ligg under Justis- og beredskapsdepartementet, Kunnskapsdepartementet og Barne- og likestillingsdepartementet, og vi viser til nærmare omtale i respektive proposisjonar.

Nye overslag viser at dei ODA-godkjende flykntingutgiftene i Noreg går ned med 200,2 mill. kroner til 827,4 mill. kroner i 2018. Mindreutgiftene blir i denne proposisjonen foreslått omdisponert til tiltak på andre postar.

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga på posten med 200,2 mill. kroner.

## Kap. 169 Global helse og utdanning

### *Post 70 Global helse, kan overførast*

Regjeringa foreslår å styrke innsatsen for global helse. Noreg er med i dei offentleg-private helsepartnarskapa, m.a. Vaksinealliansen Gavi, og dei siste åra har det også vore fokusert på å fremje innovative tilnærmingar og løysingar innan teknologi, medisinar og medisinsk utstyr. Mekanisamen Coalition for Epidemic Preparedness Innovations (CEPI) blei lansert i januar 2017. Noreg har støtta arbeidet med 1 mrd. kroner i første fase, og ei tilleggsøyving på 600 mill. kroner i 2017. Det blir no foreslått ein ytterlegare auke på 14 mill. kroner til CEPI og Gavi.

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga på posten med 14 mill. kroner.

## Kap. 170 FN-organisasjonar m.m.

### *Post 76 FN og globale utfordringar, kan overførast*

FNs fredsbyggingsfond er eit effektivt og godt verktøy for rask støtte til sårbare statar på veg ut av konflikt og for førebygging av konflikhtar, men er kraftig underfinansiert. Fondet er sentralt i FN's generalsekretær sin reformagenda.

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga på posten med 25 mill. kroner.

### *Post 78 Pliktige bidrag til FN-organisasjonar m.m., kan overførast*

Løyvinga på posten dekkjer kontingentar i internasjonale organisasjonar Noreg er medlem i, jf. omtale under kap. 116, post 70 ovanfor. Pga. valutakursutviklinga er det eit mindrebehov på posten i år.

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga på posten med 20 mill. kroner.

## Kap. 171 Multilaterale finansinstitusjonar

### *Post 71 Regionale bankar og fond, kan overførast*

Natural Capital Lab, huset i Den inter-amerikanske utviklingsbanken (IDB) i Washington DC, skal vere ein inkubator for prosjekt som kan bidra til å verne om og ta vare på naturkapital, biologisk mangfald og marine økosystem i regionen. Lab-en

vil søkje prosjekt med høg risiko og høg avkastning der vellukka initiativ kan skalerast opp og replikerast ved hjelp av ressursar frå Global Environmental Facility, offentlege gjevarmidlar, private investorar eller IDBs utlånsportefølje. Dette kan ta form av garantiar, lån, aksjeinvesteringar, resultatbaserte innbetalingar og teknisk assistanse for å fjerne hindringar som avgrensar privat investering i prosjekt. IDB tek mål av seg til å ha minst løypande fem prosjekt innan 2020.

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga på posten med 2,2 mill. kroner.

### Andre saker

#### *Afrikabanken – reallokering av aksjar og forslag om norsk deltaking*

Som følgje av at enkelte ikkje-regionale medlemsland ikkje har oppretthalde krava til betaling av årlege kapitalinnskott, gjer Afrikabanken (AfDB) ei reallokering av tildelte aksjar.

Basert på pro-rata fordeling er Noreg tilbode eit avgrensa tal nye aksjar (149) til ein verdi av til saman 1 490 000 Units of Account (UA), tilsvarende 17,4 mill. kroner. 1 UA er lik kursen for SDR (Special Drawing Rights), 1 SDR = 11,70 kroner.

94 pst. av verdien blir stilt som garanti, 6 pst. blir utbetalt som kapitalinnskott. Noreg har dei siste åra delteke i denne type mindre reallokeringar. For Noregs del inneber dette ein auke i den norske statsgarantien i AfDB på 1 400 000 UA, tilsvarende 16,4 mill. kroner, og auka norsk kapitalinnskott på til saman 90 000 UA, tilsvarende 1 mill. kroner. Kapitalinnskottet på 1 mill. kroner blir utbetalt i 2019 i to like innskott og utgiftsført på kap. 172, post 71, gitt ny budsjettstruktur for 2019.

#### *Forslag til romartalsvedtak:*

Stortinget samtykkjer i at Noreg deltek i ei reallokering av aksjar i Den afrikanske utviklingsbanken mellom ikkje-regionale medlemmer, basert på ein pro-rata fordeling. Det inneber forplikting til å innbetale UA 90 000 i 2019 og ein auke i den norske garantiramma til AfDB med UA 1 400 000. UA tilsvarer kursen for SDR (Special Drawing Rights). 1 SDR = 11,71 kronar per 20. november 2018.

Utanriksdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2018 under Utanriksdepartementet.

---

**Vi HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bede om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2018 under Utanriksdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

## Forslag til vedtak om endringar i statsbudsjettet 2018 under Utanriksdepartementet

### I

I statsbudsjettet for 2018 blir det gjort følgjande endringar:

#### Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
116		Deltaking i internasjonale organisasjonar	
	70	Tilskot til internasjonale organisasjonar, vert redusert med..... frå kr 1 349 500 000 til kr 1 287 500 000	62 000 000
117		EØS-finansieringsordningane	
	77	EØS-finansieringsordninga 2014–2021, <i>kan overførast</i> , vert redusert med.....	225 000 000
		frå kr 787 554 000 til kr 562 554 000	
	78	Den norske finansieringsordninga 2014–2021, <i>kan overførast</i> , vert redusert med.....	230 000 000
		frå kr 659 155 000 000 til kr 429 155 000	
161		Næringsutvikling	
	70	Næringsutvikling, <i>kan overførast</i> , vert auka med .....	100 000 000
		frå kr 385 300 000 til kr 485 300 000	
162		Overgangshjelp/sårbare statar og regionar	
	70	Overgangshjelp/sårbare statar og regionar, <i>kan overførast</i> , vert auka med .....	25 000 000
		frå kr 350 000 000 til kr 375 000 000	
163		Naudhjelp, humanitær hjelp og menneskerettar	
	70	Naudhjelp og humanitær hjelp, <i>kan overførast</i> , vert auka med.....	34 078 000
		frå kr 4 677 202 000 til kr 4 711 280 000	
164		Fred, forsoning og demokrati	
	73	Andre ODA-godkjende OSSE-land, <i>kan overførast</i> vert auka med.....	12 000 000
		frå kr 405 500 000 til kr 417 500 000	
	74	Sikkerheitssektorreform (SSR) og fredsoperasjonar, <i>kan overførast</i> , vert redusert med.....	12 000 000
		frå kr 87 700 000 til kr 75 700 000	

Kap.	Post	Formål	Kroner
166		Klima, miljø og fornybar energi	
	72	Klima og miljø, kan overførast, vert auka med ..... frå kr 1 050 200 000 til kr 1 070 200 000.	20 000 000
167		Flyktningtiltak i Noreg, godkjende som utviklingshjelp (ODA)	
	21	Spesielle driftsutgifter, vert redusert med ..... frå kr 1 027 675 000 til kr 827 431 000	200 244 000
169		Global helse og utdanning	
	70	Global helse, kan overførast, vert auka med ..... frå kr 3 233 916 000 til kr 3 247 918 000	14 002 000
170		FN-organisasjonar m.m.	
	76	FN og globale utfordringar, kan overførast, vert auka med ..... frå kr 222 300 000 til kr 247 300 000	25 000 000
	78	Pliktige bidrag til FN-organisasjonar mv., kan overførast, vert redusert med..... frå kr 235 000 000 til kr 215 000 000	20 000 000
171		Multilaterale finansinstitusjonar	
	71	Regionale bankar og fond, kan overførast, vert auka med ..... frå kr 837 000 000 til kr 839 164 000	2 164 000

## II

## Den afrikanske utviklingsbanken (AfDB)

Stortinget samtykkjer i at Noreg deltek, basert på ein pro-rata lott, i ei reallokering av aksjar i Den afrikanske utviklingsbanken mellom ikkje-regionale medlemmer. For Noregs del inneber dette for-

plikting i form av ein innbetalt lott på til saman UA 90 000, som blir utbetalt som to like innskot i 2019. I tillegg inneber det ein auke i den norske garantiramma til AfDB med UA 1 400 000.

